

Kjell Nedreaas
Askelandsvågen 58
5993 Ostereidet

Askelandsvågen, 14. april 2014

Lindås kommune
Byggesak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø



FORELØPIG KLAGE PÅ DISPENSASJON OG LØYVE – FLYTEBRYGGE – GBNR 16/33 ASKELAND NORDRE

Eg viser til mottatt brev 28. mars (datert 25. mars; dykkar ref. 14/1686 – 14/6621) der Lindås kommune gjev meg dispensasjon og løyve til å leggje ut og montere ei betong flytebrygge med storleik opptil 3 x 6 meter og maksimalt 10 meter ut frå eksisterande kai. Eg er svært glad og takknemleg for at eg får ein slik dispensasjon og løyve.

Dispensasjonen og løyvet vart imidlertid noko redusert i forhold til det omsøkte, og vil diverre ikkje verne meg mot nordvestavinden i tilstrekkeleg grad. Eg ønskjer i utgangspunktet ikkje å sende inn noko formell klage på vedtaket, og etter samtale med dykkar Malvin Klementsens vart eg råda til å sende ein e-post til kommunen sin sakshandsamar Knut Bjørnevoll der eg spør om mindre justeringar kan akseptast av kommunen utan at eg må sende inn ein formell klage. Eg gjorde dette, men fekk automatisk svar tilbake om at Bjørnevoll hadde ferie til og med 29. april. Med ein klagefrist på 3 veker så vil eg ikkje få diskutert ei ønska justering med han før klagefristen går ut, og eg ser meg difor nødt til å sende dette brevet som ein foreløpig klage for ikkje å misse retten min til å klage viss nødvendig.

Først vil eg nemne at ei omsøkt totalleingd på 13 meter ikkje vil nå ut til der trafikken går inn og ut av vågen. Bryggja vil bli liggjande inne på relativt grunt vatn innanfor grunne skjær, og såleis ikkje til hinder for trafikk på vågen. Difor har Bergen og Omland Havnevesen heller ingen merknader til søknaden. Som vern mot nordavinden så ville dette vore beste løysing for meg. Likevel, eg godtek ei kortare løysing som går 10 meter ut frå kaien for å redusere dei ulempene som kommunen nemner.

Når eg no får lov å gå 10 meter ut frå kaien med ei 6 meter lang bryggje så vil det imidlertid lage ei uheldig opning på 4 meter mellom kai og bryggje der nordavinden vil kome inn på innsida – dette blir eit dårleg vern for meg. Ei lita forlenging av bryggja for å kome nærare land vil ikkje vere til sjenanse eller ulempe for nokon. Eg vil difor høyre med Lindås kommune om eg kan få lov å redusere denne opninga til 2 meter ved å

montere ei 8 meter lang brygge som Etne betong produserer. I så fall vil det vere ei tilfredstillande og tenleg løysing som eg ikkje vil klage på. Eg vil då halde meg innanfor avstanden på maksimum 10 meter frå kaien. Landgangen vil dermed kome ned eit stykke inn på bryggja for at han ikkje skal bli for bratt. Eg har diskutert dette med Etne betong som seier at det vil vere ei teknisk god løysing. Det vil også gjere meg i stand til å ha ein større båt, til dømes på kring 7-8 meter, liggjande på innsida av flytebrygga.

Med håp om positivt svar.

Vennleg helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Kjell Nedreaas', written in a cursive style.

Kjell Nedreaas

Kopi:

Etne betong, v/Jette K. Klunland, Tongane, 5590 Etne